

# INVITASJON TIL ÅRSMØTE I ALVESTADKROKEN VELFORENING

Alvestadkroken Velforening vart stifta av eit interimstyre den 5. desember 2023. Dette vart gjort slik at ein kunne gi uttale til Statens Vegvesen om trasevalg til nye E 39 over Vestre Bokn innan fristen den 11. desember.

Det har i eit par år vore diskutert om ein burda ha stifta ei velforening for området, men det vart brått veldig aktualisert av forslag til vegtrase for ny E39 over Bokn. Elles er det fleire tema som kan være aktuelle å arbeida med i ei velforening, t.d.: Trivsel og bukvalitet, felles interesser/uttaler vedr. utvikling av området, ugrasbekjemping: bjørnebærkratt, landøyda, revebjelle, osb. Skadedyrbekjemping: rotter, mus, mink, trafikksikring.

Interimstyret har bestått av Kjell Frode Lie, Jan Erik Nygaard, Susanne Øvrebø, Torfinn Alvestad og Gunn Grønnestad. Styret har utarbeidd forslag til vedtekter for laget, som er vedlagt. Ein ber bebuarane i området gå gjennom desse vedtektene før møtet.

Alle bueiningar med postadresse Alvestadkroken og Bakken inviteres til orienteringsmøte/årsmøte

**Torsdag 8. februar kl. 18.30 i Boknahåve, Bokn Arena.**

Saker:

1. Godkjenning av innkalling og dagsorden
2. Valg av møteleder, 2 til å undertegne protokollen
3. Orientering om bakgrunn for stifting av velforeninga
4. Fastsetting av evt. kontingent
5. Innkomne forslag
6. Valg av
  - a. Leder for 1 år
  - b. Styremedlem for 2 år
  - c. Styremedlem for 1 år
  - d. Styremedlem – Sekretær for 2 år
  - e. Styremedlem – Kasserer for 1 år
7. Orientering om vedtak i Formannskap og Kommunestyre, og om evt. avklaring av trasevalg
8. Innspill og idear til satsingsområde elles for velforeninga
9. Kommunikasjonskanalar

Vel møtt til første møte!

Helsing styret